



NÆRØY  
FJORDEN  
VERDSARVPARK

# PARKPLAN FOR NÆRØYFJORDEN VERDSARVPARK

## 'VERDISKAPING SKJER I MØTET'

2014

Parkplan for Nærøyfjorden verdsarvpark.  
"Verdiskaping skjer i møtet".

Forfattarar:  
Ivar Bjarne Underdal  
Trude Knutzen Knagenhjelm

Referanse:  
T.K. Knagenhjelm og Ivar-Bjarne Underdal. 2014. Parkplan for Nærøyfjorden verdsarvpark. "Verdiskaping skjer i møtet".  
Aurland naturverkstad AS rapport 1- 2014.

Oppdragsgjevar:  
Nærøyfjorden Verdsarvpark

Forsidefoto: På veg til Sinjarheim i Aurlandsdalen.  
Fotograf: Gry Mørk, Nærøyfjorden Verdsarvpark

Kontaktperson oppdragsgjevar:  
Erling Oppheim og Ivar-Bjarne Undredal

Produsert av:  
Aurland Naturverkstad AS  
Postboks 27  
5741 Aurland  
Tlf. 57633629, Fax: 57633516  
E - post: [post@naturverkstad.no](mailto:post@naturverkstad.no)  
Heimeside: [www.naturverkstad.no](http://www.naturverkstad.no)



## FORORD

Parkplanen er ein langsiktig strategi- og handlingsplan som har som siktemål å vere eit sentralt grunnlag for samarbeid, og eit styringsdokument for Nærøyfjorden Verdsarvpark. Verdsarvparken femnar om, og inkluderar verdsarvkommunane Aurland, Vik, Lærdal og Voss.

Arbeidet med denne utgåva av Parkplan for Nærøyfjorden Verdsarvpark bygger på førsteutgåva av planen frå 2009, og ein grundig planprosess. Prosessen vart innleia med eit arbeidsmøte i Verdsarvparken sitt arbeidsutval sommaren 2013.

Hausten 2013 vart eit planutkast presentert for kommunestyra i Lærdal, Aurland, Vik og Voss. I tillegg vart det orientert om hovudtrekka i planen på Verdsarvparken sitt årlege partnarmøte 2. oktober 2013.

Framlegg til revidert parkplan vart lagt ut til høyring blant stiftarar og partnerar i november 2013. Stiftarane vart under høyringa særskilt oppmoda til å legge dokumentet fram for relevante politiske organ til handsaming.

Det vart registrert 13 innspel i samband med høyringa. Desse vart drøfta av arbeidsutvalet 16. desember. Den 8. januar 2014 vedtok styret i Verdsarvparken parkplanen med framlegg til endringar.

Aurland, 7. februar 2014

Trude Knutzen Knagenhjelm

# INNHALD

|  |    |
|--|----|
| 1. Bakgrunn                                | 6  |
| 2. Føremålet med Nærøyfjorden Verdsarvpark | 11 |
| 3. Utfordringar for Verdsarvparken         | 14 |
| 4. Mål og strategiar                       | 16 |
| 5. Satsingar og tiltak                     | 20 |
| 6. Organisering og finansiering            | 30 |

Verdiskaping skjer i møtet.

Verdsarvparken skal utvikle eigarskap til landskaps- og kulturverdiane og aktivt fremje internasjonale verneverdiar gjennom lokal økonomisk, kulturell og identitetsmessig utvikling.

# 1. BAKGRUNN

Nærøyfjorden Verdsarvpark (Verdsarvparken) er danna kring verdsarven Vestnorsk fjordlandskap – Nærøyfjorden.

Verdsarvparken inkluderer aktørar i fjordfylka Sogn og Fjordane og Hordaland som aktivt har valt å bidra til ivaretaking av verdsarven.

Verdsarvparken er inspirert av dei europeiske regionale naturparkane. Hovudideen med desse parkane er å arbeide med definerte område på tvers av sektorar (offentleg og privat) og med langt tidsperspektiv. Effekten av ei slik samanfletta og langsiktig områdeforvaltning er auka verdiskaping bygd på lokale natur- og kulturressursar.

## REGIONALPARK

I Norge er Nærøyfjorden Verdsarvpark ein av pionerane blant regionalparkane. Prosessen starta på grasrota, med ønskje om meir heilskapleg natur- og kulturbasert samfunnsutvikling, og eit behov for å samordne kommunane og andre aktørar med tilknytning til verdsarvområdet.

Den første parkplanen som vart vedteken av styret for Verdsarvparken i 2009 var såleis

eit resultat av ein lang læringsprosess som gjekk heilt tilbake til verneprosessen for Nærøyfjordområdet i 1994. I denne prosessen vart kunnskap om «vern gjennom bruk» og innsikt i regionale utviklingsprosessar teke i bruk og sett ut i livet.

Regionalparkane er verktøy for sameining av vern og aktiv næringsutvikling i område som i utgangspunktet har slite med svakt lokalt næringsliv, fråflytting, forfall av landskap og bygningsarv, samt arealpress frå utbyggingsinteresser og reiseliv.

Det fysiske området som Verdsarvparken tek utgangspunkt i er sett saman av areal som er regulert gjennom Plan- og bygingslova og verna areal etter Naturmangfoldlova, forvalta av Fjellstyre, Statens naturoppsyn, Fylkesmann og Verneområdeforvatninga.

Det knyter seg mange utfordringar til å sikre ei heilskapleg forvaltning med lokal forankring og medverknad innanfor desse forvaltningsregima. Til samanlikning er dei franske regionale naturparkane forvaltningsaktørar med omfattande

Stortingsmelding nr 13 (2012 – 2013) omtalar Verdiskapingsprogram for lokale og regionale parkar slik: «Verdiskapingsprogrammet for lokale og regionale parkar er ei ny satsing i regi av Kommunal- og regionaldepartementet. Hovudmålet er å auke verdiskapinga og næringsutviklinga i avgrensa landskapsområde med særigne natur- eller kulturverdiar. Programmet representerer ein ny måte å arbeide med stad- og bygdeutvikling på. Samarbeid gjennom parkkonseptet skal danne utgangspunkt for næringsutvikling og verdiskaping. Programmet for lokale og regionale parkar er ein samarbeidsmodell for bygdeutvikling og berekraftig bruk av område i Noreg med særigne natur- og kulturverdiar. Føremålet er å medverke til lokal og regional utvikling ved å ta vare på og utvikle natur, kultur og miljø og menneskelege ressursar i området. Parkane skal fremje ei heilskapleg stad- og næringsutvikling, og levande bygdesamfunn i område med slike verdiar. Ein park er eit samanhengande landskaps- og identitetsområde av ei viss utstrekning. Storleiken på området kan variere, men ofte vil eit parkområde dekkje (delar av) fleire kommunar.»



Foto: Gry Mørk

styringsstrukturar som utgjer ei sterk styrande rolle i regionen. På den andre sida er Sveits no i ferd med å etablere eit regionalparkverktøy som har mange felles trekk med Nærøyfjorden Verdsarvpark.

Nærøyfjorden Verdsarvpark har i desse første åra vekt stor merksemd og aksept på nasjonalt plan, og vore medverkande til at Kommunal og moderniseringsdepartementet (tidlegare KRD) har fatta interesse for tanken om at regionalpark kan bli ein nytt regionalpolitisk verktøy. I første omgang har departementet støtta oppretting av organisasjonen Norske Parker som er eit nettverk av lokale og regionale parkar som er i framvekst over heile landet. Vidare er det i åra 2012 - 2014 lyst ut eit nasjonalt verdiskapingsprogram for lokale og regionale parkar.

### PARKPLANEN/PARKAVTALEN

Parkplanen sin status er nedfelt i § 6 i vedtektene for Verdsarvparken. I vedtektene

vert nemninga «Parkavtalen» brukt. Denne Parkavtalen rommar sjølv strategi og styringsdokumentet, Parkplanen, med tillegg av ein avtaledel som består av partnerskapsavtalar mellom stiftinga og den einskilde partner.

Sitat frå vedtektene § 6:

«Parkavtalen er det overordna styringsdokumentet for Verdsarvparken. Parkavtalen er forankra i Naturvernlova med verneplan, forvaltningsplan og eventuell felles kommunedelplan. Utvida geografisk forankring må vera gjennomgripande nedfelt i den einskilde kommune sin kommuneplan og i partnerskapsavtale. Vidare femner parkavtalen om ein avtaledel som består av partnerskapsavtalar mellom stiftinga og den einskilde partner. Parkplanen er ein langsiktig strategi- og handlingsplan som skal fungere som styringsdokument for Verdsarvparken. Planen dannar grunnlaget for partnerskapsavtalar der aktørar og partnarar i Verdsarvparken vert involvert og gjort

### I PARKPLANEN VERT DESSE OMGREPA NYTTA:



#### Verdsarv Vestnorsk fjordlandskap:

Objekt på UNESCO si Verdsarvliste som omfattar Geirangerfjorden på Sunnmøre og Nærøyfjorden i Sogn med tilgrensande fjordar (Aurlandsfjorden), fjell og dalar.

### **VERDSARV**

Vestnorsk fjordlandskap

#### Nærøyfjordområdet:

Det sørlegaste av dei to delområda i Verdsarv Vestnorsk fjordlandskap. Omfattar Nærøyfjorden og delar av Aurlandsfjorden, fjellområde og dalar i kommunane Aurland, Lærdal, Vik og Voss med dei busette områda Bakka, Dyrdal, Undredal og Nærøydalen.

#### Verneområde:

Tre naturreservat og to landskapsvernområde innanfor Nærøyfjordområdet som er verna etter Naturvernlova. Desse er: Grånosmyrane naturreservat, Nordheimsdalen naturreservat, Bleia naturreservat, Nærøyfjorden landskapsvernområde og Bleia-Storebotnen landskapsvernområde (sjå kart).

#### Nærøyfjorden Verdsarvpark:

Regionalpark tufta på fyrtårnprinsipp og partnerskapsavtalar med tematisk samarbeid om verdsarven i Nærøyfjordområdet.

### VERDSARV



UNESCO er FN sin organisasjon for utdanning, vitenskap, kultur og kommunikasjon, og står m.a. bak Verdsarvlista. Lista gjev oversikt over stader der kultur- og naturarven er av framstående universell verdi.

Verdsarvverdiane i Nærøyfjorden er skildra slik av UNESCO: "Vestnorsk fjordlandskap er klassiske, framifrå velutvikla fjordar, og vert rekna for å vere typelokalitet for fjordlandskapa i verda. Storleiken og kvaliteten på desse fjordane kan samanliknast med andre fjordar på Verdsarvlista, og dei utmerkjer seg med sine klimatiske og geologiske tilhøve. Området syner alle element av landformer knytt til dei indre delane av to av dei lengste og djupaste fjordane i verda."

"Nærøyfjord- og Geirangerfjordområda vert rekna mellom dei framifrå vakraste fjordlandskapa på kloden. Deira unike naturvenleik kjem av dei tronge dalgangane med bratte krystallinske bergsider som strekkjer seg frå 500 m under vassflata til 1400 meters høgde over Norskehavet. Eit utal fossar kastar seg utfor dei stupbratte fjellveggane, medan talrike frie elvar renn frå takkete fjell, brear og bresjøar, gjennom lauv- og barskog, og ned til fjorden. Eit stort mangfald av andre naturfenomen på land og i vatn med m.a. undersjøiske morenar og sjøpattedyr, forsterkar naturopplevinga. Restar av eldre, no for det meste nedlagde gardsbruk og stølar, tilfører det dramatiske naturlandskapet ein kulturell dimensjon som utfyller og aukar den samla verdien av området."

Kort samanfatta består verdsarvverdiane i Nærøyfjordområdet av fjordlandskap med aktive geologiske prosessar, vakkert naturlandskap frå fjord til fjell med brear, skog, fossar og frittrennande elvar, og kulturlandskap som gir naturlandskapet perspektiv.

ansvarleg gjennom årlege avtalar».

Parkplanen inneheld mål, strategiar og tiltak for utvikling og verdiskaping basert på ressursforståing og berekraftig forvaltning. Den gjer og greie for premissane for Verdsarvparken si verksemd i form av ressursar, formell forankring, organisering og utfordringar.

Den første versjonen av Parkplanen vart vedteken av styret i Verdsarvparken i 2009. Den nye planen er eit resultat av erfaringar og tilbakemeldingar frå det årlege Parkmøtet og frå partnerane. Planen er vedteken i styret og deretter søkt implementert i det kommunale plansystemet, i samsvar med vedtektene. Dette kan t.d. skje som kommunedelplanar

eller felles kommunedelplan for dei fire verdsarvkommunane. Parallelt med dette vil partnerskapsavtalane, som til no vanlegvis berre har innehalde ein intensjons og verdidel, for dei partnerane som ynskjer det bli utvida med ein handlingsdel som er gjensidig meir forpliktande. Ein slik utvida partnerskapsavtale med handlingsdel er i første rekke aktuelt for stiftarane som eit steg på vegen i retning forankring i planverket.

Den endringa og utviklinga som Nærøyfjorden Verdsarvpark søker å oppnå skjer i form av kultur, haldningar og innsikt. I dette ligg ei forståing for at ein må bruke den tida som er naudsynt for å utvikle den felles identiteten, verdiplattforma og situasjonsforståinga som må ligge i botn.

## VISJON

Verdsarvparken sin visjon er formulert med utgangspunkt i innhaldet i verdsarvverdiane og ei forståing av dei motiverande drivkreftene for utvikling av lokalt eigarskap og engasjement:

Verdiskaping skjer i møtet. Verdsarvparken skal utvikle eigarskap til landskaps- og kulturverdiane og aktivt fremje internasjonale verneverdiar gjennom lokal økonomisk, kulturell og identitetsmessig utvikling.

## 2. FØREMÅLET MED NÆRØYFJORDEN VERDSARVPARK

### RAMMEVERK FOR NATUR OG KULTURBASERT UTVIKLING

Verdsarvparken er eit verktøy for å oppnå dialog, læring og samhandling mellom partnarar frå lokalbefolkning, landbruk, næringsliv, frivillige organisasjonar og forvaltning i området. Partnarskapet byggjer på ein partnarskapsavtale for forpliktande samarbeid om fremjing av verdsarvverdiane i Nærøyfjordområdet gjennom berekraftig utvikling. Partnarane i Verdsarvparken tek såleis eit felles ansvar for å sikre ivaretakinga av verdsarven.

Kjerneområdet i Verdsarvparken er verdsarvområdet Nærøyfjorden i Indre Sogn, og i inste delen av Voss kommune (Hordaland). Dette er det sørlegaste av dei to områda som er skrive inn som Vestnorsk Fjordlandskap på Verdsarvlista (UNESCO si liste over kultur- og naturarv av einestående verdi). I tillegg til areal innanfor verdsarvområdet inkluderar Verdsarvparken heile Aurland kommune og tilgrensande bygder i dei tre andre verdsarvkommunane

### VERTSKAP

Bærekraft i vidaste forstand føreset ein kultur for vertskap der vi lever i samfunn med gjestene våre. «Det er i andre mennesker sine augo at vi ser oss sjølve». Å bli sett på fører med seg slitasje. Å bli sett fører til vekst. Dette med grunnlag i eit grunnleggande menneskeleg behov for å bli sett og anerkjend/verdsett. Dette fører fram til påstanden om at meistring av vertskaps- og kommunikasjonsrolla er nøkkelen til verdiskaping og berekraft.

Vik og Lærdal (i Sogn og Fjordane) og Voss kommune (i Hordaland).

### PERSPEKTIV PÅ VERDISKAPING OG BEREKRAFT KOMMUNIKASJON

Verdiskaping skjer i møtet mellom menneske  
Verdiskaping føreset at det skjer verdsetjing  
Verdsetjing byggjer på ei vurdering som vi påverkar gjennom kommunikasjon  
Vi snakkar her om økonomisk verdiskaping gjennom verdsetjing av produkta og kulturell og sosial verdiskaping gjennom å utløyse ressursar i oss sjølve.

Verdsarvparken er ikkje åleine knytt opp til arealgrensar, men er tufta på eit fyrtårnprinsipp der utanforliggende aktørar i det vestnorske fjordlandskapet kan definere seg inn og bli partner i Verdsarvparken på tematisk grunnlag. Verdsarvparken skal såleis femne eit område som ligg i og nær verdsarvområdet, der partnarane har eit mål om å ta vare på natur- og kulturkvalitetane i landskapet.

Verdsarv er objekt eller område som oppfyller eit eller fleire av i alt 10 ulike kriterium fastsett av UNESCO. Verdsarvområde må ha "einestående universell verdi" (Outstanding Universal Value) i høve dei kvalitetane området representerer. I tillegg skal eit verdsarvobjekt eller -område ha ei avgrensing som sikrar at alle nøkkelement finst innfor området, samt ei organisering av forvaltninga som sikrar at verdiane vert teke vare på for

framtida. Områda skal tilføre Verdsarvlista noko nytt og være dei beste døma på emnet i verda.

Med slike verdiar utanfor stovedøra treng vi eit godt verktøy for samhandling, noko vi trur Verdsarvparken kan vere.

### FRAMTIDSUTSIKTER

Nærøyfjorden Verdsarvpark er eit verktøy for brei verdiskaping som er tilpassa opplevingssamfunnet med bruk av internett og sosiale media. Ein stadig større del av produkta på marknaden blir av ikkje-materiell art. Å ta ut dei mogelegheitene som ligg i denne «kulturen» krev nye grep.

I Nærøyfjorden Verdsarvpark ligg eit potensial for å tenke produktmangfald med konkurranse på kvalitet og særpreg, i tillegg til meir tradisjonell produksjon. For å lukkast i denne marknaden lyt vi samarbeide breitt i fleksible nettverk. Vi må vere konkurrentar og ivareta eigne interesser, samstundes som vi støttar kvarandre, t.d. gjennom kunnskapsutveksling.

Nærings- og forskningsparkar innan offshore, maritime kompetansmiljø, sjømat og IT har lang røynsle i bruk av klynge- og nettverkstenking. Efaringsane herifrå viser at slike verdiskapande nettverk ofte er tent med tilrettelegging for å sikre den naudsynte dynamikken og kunnskapsflyten.

Slik tilrettelegging dreier seg om:

- Visjonar; å skape semje mellom dei sjølvstendige aktørane om prioriteringar, strategiar og mål for utviklingsarbeidet
- Relasjonar; å skape semje om roller, ansvarsdeling og mynde
- Handling

Svikttande infrastruktur- og anna fellesgodefinansiering er døme på kritiske manglar i vekstvilkåra for opplevingsnæringa. Å lukkast med dei to første punkta i tilrettelegginga er difor avgjerande for å utløyse handling og tiltak.

For å forklare kvifor dette er eit kjernepunkt for Nærøyfjorden Verdsarvpark som organisatorisk plattform må ein trekke tråden heilt attende til verneprosessen i 1994. Der lukkast ein i å skape konsensus ved å bygge tillit og få alle «partar» til å lene seg framover rundt bordet, med det mål å skape eit felles rom for utvikling med grunnlag i verneverdiane.

Nærøyfjorden Verdsarvpark er konstruert som eit verktøy for natur og kulturbasert næringsutvikling. Nærøyfjorden Verdsarvpark er bordet der ein ynskjer at alle aktørar (verneforvaltning, regionalforvaltning, lokalsamfunn og bedrifter) skal lene seg framover som del av ein god samarbeidskultur.



Foto: Gry Mørk, Nærøyfjorden Verdsarvpark

### 3. UTFORDRINGAR FOR VERDSARVPARKEN

#### VERN OG BRUK

Kombinasjonen av å ta vare på internasjonale og nasjonale natur- og kulturverdiar, kombinert med lokal utvikling og levande samfunn byr på utfordringar. Med UNESCO-status fylgjer auka interesse frå reiselivsnæringa, som igjen fører med seg særskilte utfordringar knytt til vertskap og besøksforvaltning.

#### FRÅFLYTTING FRÅ GRENDENE

Trivsel, arbeidsplassar, infrastruktur og eit godt og likeverdig velferdstilbod er grunnleggjande for busetjing. Einskilde busette grender og bygder i kjerneområdet til Verdsarvparken kan seiast å ligge i eit marginalt sjikt for busetnad. Likevel er det nettopp desse samfunna som i stor grad medverker til å halde opplevingsverdiane i området i hevd, særskilt i høve til reiseliv, friluftsliv og rekreasjon.

#### NEDBYGGING AV LANDBRUKET

Landbruket er ein av faktorane som bidreg til den opplevingsverdien som er å finne i landskapet i Verdsarvparken. Ei dagsaktuell problemstilling er den stadige omstillinga og sviktande rekrutteringa til landbruket. For mange bønder i parkområdet har dette medført ein overgang frå volum- til nisjeproduksjon. Stadig fleire i landbruket ser også moglegheiter i å tilby opplevingar og innhald til reiselivet.

I samarbeid med dei aktuelle grunneigarane i verdsarvområdet og i områda som dannar

naturlege innfallsportar til området, bør Verdsarvparken arbeide for at landbruket utviklar seg til å bli ein spydspiss i miljøvennleg landbruk, og ein form for "Best practice".

#### PRESS PÅ VERDIAR

Arealet som står til rådvelde for utvikling er avgrensa, samstundes UNESCO- og vernestatus gjer at attraktiviteten i området har auka. Dette fører til meir press på verdiane i området, noko som kan kome i konflikt med rammene og målsettinga for landskapsvernet.

#### Reiseliv – besøksforvaltning og tolegrensar

Fjordane var mellom pionerane i framveksten av det moderne reiselivet i Noreg, og fjordlandskapet er framleis eit av dei viktigaste ikona i marknadsføringa av landet som reisemål. I kjerneområdet for Verdsarvparken finn vi den største fjordcruisestrekninga i Noreg, Flåm-Gudvangen, pakkeproduktet Norway in a Nutshell, Flåmsbana og ei veksande cruiseskipstrafikk. Desse reiselivsprodukta gjer at vi snakkar om trafikktalet for gjennomgangstrafikk som i norsk målestokk kan kallast masseturisme.

Den korte turistsesongen vi tradisjonelt har hatt i Fjord Noreg gjer sitt til at trykket av reisande blir stort når det står på, og etterlet seg eit tomrom resten av året. Dette kan

medføre både slitasje på natur og anlegg og på menneskelege ressursar og lokalsamfunn ved at det ikkje gjev grunnlag for heilårs arbeidsplassar

Dei små grendene som ligg innanfor verdsarvområdet opplever eit stort påtrykk av turistar, utan å oppleve tilsvarende verdiskapingseffektar lokalt. Dette skuldast til dels manglande ressursar når det gjeld kompetanse på produktutvikling, manglande tilretteleggingstiltak og mangelfull infrastruktur.

Mangelen på kunnskap fører og til at produkt som tilsynelatande er berekraftige kan føre til press på landskaps- og kulturverdiar. T.d. har det vore tilfelle der eit så stort antal kajakkpadlarar har slått leir på innmarksområde langs fjorden at dette har gått ut over landbruksaktiviteten.

#### Arealbruk

Motstridande ynskje om arealbruk er ikkje uvanleg i kommunane, men vert eit særskilt sårbart tema der det er stor grad av verneverdiar. Gjennom ei samla Parksatsing er målet å få alle aktørar til å dra lasset i same retning og voneleg sjå at alle vil vinne meir dersom natur og kulturverdiane vert haldne i hevd og vist omsyn til i arealplanlegginga.

#### Vær og klima

Skiftande klimatiske tilhøve, og særskilt auka nedbørsmengder kan m.a. føre til

auka risiko for skred. Frå 1. januar 2009 har NVE det overordna ansvaret for statlege forvaltingsoppgåver innan førebygging av skredulykker. Målet med det statlege engasjementet er å skape tryggare lokalsamfunn og auka samfunnstryggleik ved å redusere risikoen ved skredulykker.

Kunnskapen om skredfarlege område skal bli betre og informasjon frå Noregs vassdrags- og energidirektorat meir tilgjengeleg. Dette vil betre grunnlaget for å ta omsyn til skredfare ved arealplanlegging, utbygging, prioritering av sikringstiltak og beredskapsarbeid.

Som følgje av klimaendringar opplever vi òg ei heving av skoggrensa, som i kombinasjon med opphør i bruken av stølsområda fører til tap av biologisk mangfald og svekka opplevingsverdiar i høgtliggjande område.

#### Ureining og slitasje

Støy og utslepp til luft og vatn i trange dalar og fjordarmar krev ei auka merksemd i år som kjem. Det vil vera trong for strategiar og tiltak som gir tilgang til naturverdiane utan unødig motorisert ferdsle. Utslepp til vatn og luft vert underlagt skjerpa internasjonale krav. Likevel er det trong for auka merksemd på dette området og Verdsarvparken lyt ta på seg ei pådrivarrolle med å hente fram kunnskap og ved å stille krav til aktørane i området.



## 4. MÅL OG STRATEGIAR

### VERN GJENNOM BRUK

Ivaretaking av verdsarvverdiane føreset at desse vert forvalta på ein god måte og vidareutvikla som grunnlag for verdiskaping i brei forstand.

Strategi:

Nærøyfjorden Verdsarvpark skal

- avklare og forankre mål, strategiar, satsingar og tiltak gjennom Parkavtalen
- utvikle eit offensivt samarbeid i nettverk kring ivaretaking av verdsarvverdiane
- legge til rette for medverknad og samhandling gjennom partnerskapsavtalar, partnarmøte og i Parkmøtet
- medverke til at kunnskapen om naturen og kulturen i området aukar

### NATUR- OG KULTURBASERT NÆRINGSUTVIKLING

Eit viktig mål er å bidra til utvikling av næringsmessig og kulturell utvikling som spelar på lag med verneføremåla. Reiselivsundersøkingar i området syner at det er etterspurnad etter både lokal mat og natur- og kulturbaserte opplevingsprodukt.

Strategi:

Nærøyfjorden verdsarvpark vil

- utvikle og implementere felles profil og merkevare
- legge til rette for læring og nyskaping i nettverk mellom entreprenørar og på tvers av bransjar og sektorar
- legge til rette infrastruktur som tilrettelegg for, og aukar toleevna for aktiv bruk av landskapet i næring eller friluftsliv

### BUSETNAD OG LIVSKVALITET

Eit sentralt mål for Verdsarvparken er å bidra til å halde busetnaden oppe. Ei tradisjonelt viktig næring på bygdene er landbruket, der økonomien ofte vert ein utslagsgjevande faktor for å legge ned. I tillegg til det økonomiske livsgrunnlaget er livskvalitet og trivsel grunnleggande faktorar for framhald av busetnaden. Felles identitet og stoltheit over området vi lever i kan bidra til god livskvalitet. Dette vil ein oppnå ved å styrke verdsetjinga av dei verdiane ein lever tett på, samstundes som potensialet for opplevingar og utvikling vert framheva. Nettverk og samhandling er og viktige kjelder til trivsel.

Strategi:

Nærøyfjorden Verdsarvpark vil bidra til busetnad og trivsel i bygdene gjennom

- å vera pådrivar for vidareføring av eit produksjonstillegg for aktivt landbruk og beitebruk i verdsarvområdet
- å vera pådrivar for eit mest mogleg miljøvennleg landbruk gjennom kompetansebygging
- satsingar og tiltak som medverkar til å vise potensialet som ligg i verdsarvverdiane og som betrar verdsetjinga av desse
- å involvere grendene i formidling av natur- og kulturarven
- å bidra til utvikling av ein sterk kultur for vertskap

## STADFORMIDLING

Utvikling av evner innan kommunikasjon er eit viktig mål for Verdsarvparken. Dette heng ikkje minst saman med parken si tenkning rundt verdiskaping.

Strategi: Nærøyfjorden Verdsarvpark vil

- Satse på stadformidling som metode for formidlingsarbeidet i parken
- Arbeide aktivt overfor skuleverket med involvering i formidling av verdsarvverdiane og kommunisering av parksamarbeidet.



Foto: Gry Mørk, Nærøyfjorden Verdsarvpark

## LANDSKAPS- OG KULTURMINNESKJØTSEL

Ei målsetjing for Verdsarvparken er å vere ein pådrivar for skjøtsel av verdsarvverdiane. I praksis medfører dette både kulturlandskapskjøtsel og restaurering av bygg og anlegg.

Kulturminnesatsinga vart utvikla som lekk i Verdsarvparken sin rolle som pilot i Verdskapingsprogrammet på kulturminneområdet der også Sogn og Fjordane fylkeskommune var ein aktiv medspelar. Den kompetansen Verdsarvparken her utvikla og det medvitte det skapte hjå eigarane av kulturminna har gjort det mogeleg å vidareføre viktige deler av dette arbeidet. Verdsarvparken vil framleis søkje å bidra til samarbeid mellom grunneigarar, grendelag, Statens Naturoppsyn, Verneområdeforvaltninga, fylkeskommune, Fylkesmann, Riksantikvar, Norsk Kulturminnefond med fleire.

### Strategi:

Verdsarvparken skal

- motivere og organisere innsats og ressursar mellom mange aktørar for å nå måla om landskaps og kulturminneskjøtsel
- synleggjere den verknaden ivaretaking av verdsarvverdiane kan ha i høve næringsutvikling, lokal identitet, stoltheit og samhald

## TA VARE PÅ MILJØET

Ei viktig målsetjing for Nærøyfjorden Verdsavpark er å minimere ureining og slitasje på miljø og landskap. Nærøyfjorden Verdsarvpark sin innfallsvinkel her er å fremme statusen for og setje vilkår for bruk av Verdsarvparken si merkevare spesielt og Verdsarvstatusen generelt.

### Strategi:

Nærøyfjorden Verdsarvpark skal bidra med kunnskap om og vera pådrivar for tiltak som eliminerer utslepp og slitasje på natur eller kulturmiljøet.

## HOVUDARBEIDSOMRÅDE

Dei overordna satsingane munnar ut i 3 hovudarbeidsområde;

SKAPE - næring og kultur

TA VARE PÅ - naturarv og miljø

TA VARE PÅ - kulturarv




Foto: Linn-Janette Underdal Skarsbø

# 5. SATSINGAR OG TILTAK

Dei overordna overgripande satsingane er Parkplanen, nettverk og kommunikasjon.

## PARKPLANEN

Nærøyfjorden verdsarvpark sine satsingar og tiltak femner først og fremst om parken si rolle som tilretteleggar for samhandling kring felles strategiar mellom dei offentlege aktørane bak parksatsinga, mellom partnerane, og på tvers mellom dei offentlege aktørane og partnerane. Dette er nedfelt i vedtekter og styringsstruktur med Parkmøtet som den store møteplassen.

Parkplanen er vedteken av styret og er det overordna styringsdokumentet for Verdsarvparken.

Initiativet som leia fram til stifting av

Verdsarvparken kom som resultat av ein nedanfrå og opp prosess. Etter denne første revisjonen av Parkplanen er ambisjonen at overordna strategiar, satsingar og tiltak skal forankrast meir formelt hjå stiftarane og i det offentlege planverket.

## NETTVERK

Eit viktig verkemiddel for å setje Nærøyfjorden Verdsarvpark sin visjon ut i livet er å utvikle ein kultur for entreprenørskap der verksemdene er konkurrentar og støttespelarar for kvarandre på same tid. For å hente ut meirverdiar for produkta frå dette landskapet lyt vi dyrke produktmangfaldet og samarbeide i nyskapande nettverk. Utvikling av ein slik entreprenørkultur er tent med at nokon tek ansvar for «gartnarrolla» (fasiliteringa), og

aktivt bygger fellesskap og samarbeid mellom entreprenørar kring alt frå produktutvikling til produksjon og marknadskommunikasjon. Samarbeid i dynamiske og innovative nettverk er altså ein føresetnad for å lukkast innanfor opplevingsøkonomien. Nettverk er organiske av natur og tilpassar seg heile tida behovet. Verdsarvparken har ei overordna oppgåve i å legge til rette for nettverksbygging mellom liknande verksemdar og på tvers mellom ulike typar verksemdar og institusjonar. Dette sikrar tilfang av:

### Kunnskap

Arbeid med lokal reiselivsutvikling og attraktive lokalsamfunn har lett for å bli tufta på synsing og optimistiske ynskje. I klyngebasert næringsutvikling er det viktig at satsingar og utviklingsmål er basert på kunnskap. Forskingsinstitusjonar er såleis viktige samarbeidspartnarar så fram dei er tilstrekkeleg lyttande til nettverket sine faktiske behov.

### Leiing

Å lukkast i å legge til rette for «verdiskaping i møtet» i eit sårbart verdsarvområde med tendensar til masseturisme, og der eigarskap og ressursar er ulikt fordelt, føreset leiing med utgangspunkt i prosess og felles mål. Slik leiing må skje ved at det vert skapt ein felles vilje til samspel.

### Å vite kor vi vil


Utvikling av reisemål tufta på det breie berekraftperspektivet kan ikkje skje utan at vi veit kor vi vil. Felles visjon og tydeleg ynskje om verdiskaping i nettverk er viktig. Di meir forstålege og konkrete framtidsbileta er, di lettare er det å skape engasjement og vilje til å fylgje vegen dit. Dette er og naudsynt for å stå fram med ei tydeleg attraksjonskraft overfor kresne målgrupper i turistmarknaden.

### Tillit og mangfald

Eit vilkår for suksess i nettverkbasert utvikling er graden av tillit mellom aktørane. Tillit er ein føresetnad for at ein vil dele for å skape meir. Det handlar om samspel mellom menneske med vilje og kunnskap.

## KOMMUNIKASJON

Nærøyfjorden Verdsarvpark skal kommunisere kvalitetane og produkta frå området gjennom [www.naroyfjorden.no](http://www.naroyfjorden.no), andre media og i samarbeid med partnerane. Verdsarvparken skal fylle rolla som den mest autoritative informasjonskjelda i området. Dette er naudsynt for at verdsarvstatusen og verdsarvkvaliteten skal bli dei leiande premissane for utviklinga i området. Verdsarvparken må utvikle ein kommunikasjonsstrategi som skal gjennomsyre informasjons- og formidlingsarbeidet der og medviten og konsekvent bruk av parklogoen inngår.



## HOVUDARBEIDSOMRÅDE 1

# SKAPE - NÆRING OG KULTUR

Eit hovudfokus for det utøvande arbeidet til Nærøyfjorden Verdsarvpark er samanfatta i uttrykket «vern gjennom utvikling». Her søkjer ein å omsetje verdsarvstatusen, med den anerkjenning og status denne medfører nasjonalt og internasjonalt, i styrka lokal identitetsmessig og økonomisk vekst. Dette medfører at medan det tradisjonelle produksjonspotensialet frå landbruk og beitebruk har blitt marginalisert i eit sjølvforsyningsperspektiv, så har det med omsyn til biologisk mangfald, landskapsmessige verdiar og opplevingspotensiale fått større verdi enn nokon gong. I vår tids opplevingsøkonomi ligg det her eit kulturelt og økonomisk utviklingspotensiale.

Dette potensialet er så iaugefallande at ei utvikling på dette området veks fram trass i manglande fokus på dette frå sentralt hald. Kampen dette medfører gjer likevel at den aktive brukaren og lokalsamfunna kan bli taparar. Den gode verneprosessen i 1994 lærde oss at konfliktane knytta til vern kjem av seg sjølv. Dei positive mogelegheitene må dyrkast fram.

Nærøyfjorden Verdsarvpark er utforma som eit eigna verktoy for å myndigjere og setje lokalsamfunna i stand til å ta del i veksten både identitetsmessig, kulturelt, miljømessig og økonomisk. Innanfor natur- og kulturbasert næringsutvikling ligg det eit spenn frå opplevingsprodukt til mat- og handverksprodukt, og i botn for dette ligg det ei god ivaretaking av natur- og kulturverdiar m.a. i form av skjøtsel, vedlikehald og restaurering.

Saman med reiselivsnæringa vil Verdsarvparken arbeide for å utvide turistsesongen til å gjelde heile året og å auke tal overnattingsdøgn pr gjest. På den måten vil ein kunne medverke til berekraft og volumauke i ei kostnadspressa reiselivsnæring som samstundes er ein viktig motor for busetnaden. Målgruppa for ei slik satsing er turistar som søkjer ekte opplevingar med unik kvalitet.

### VERTSKAPSKULTUR

Som omtala i kapittel 2 ovanfor er utvikling av ein kultur for vertskap avgjerande for kva området toler av trafikk og kor store verdiar trafikken legg igjen i lokalsamfunna. Innbyggjarane og lokalsamfunna i Nærøyfjordområdet og i distrikta generelt er ikkje berre lokale innbyggjarar men samstundes verdsborgarar og del av eit veksande globalt mangfald. Ny kommunikasjonsteknologi gjer at det veks fram virtuelle fellesskap som samlar seg om felles verdiar og interesser utan omsyn til fysisk avstand. På same måte skjer det ei oppdeling av turistmarknaden der dei verdiar og kvalitetar vi utstråler, i grove trekk, avgjer kven som kjem hit og kva dei søkjer medan dei er her.

Nærøyfjorden Verdsarvpark sin visjon, «Verdiskaping skjer i møtet...», byggjer på ei erkjenning av faren for slitasje på lokalsamfunna fysisk og menneskeleg dersom innbyggjarane og gjestene lever i kvar sin parallelle røyndom. At dei ikkje ser kvarandre men ser på kvarandre. Nærøyfjorden Verdsarvpark er skipa fordi grasrota i området ynskjer å ta positivt del i dette møtet med gjestene og slik oppnå større toleevne og

kulturell og økonomisk vekst. Nærøyfjorden Verdsarvpark si satsing på vertskap rettar seg difor mot:

- Innbyggjarane i regionen med kurstilbod i vertskap og haldningskapande arbeid.
- Kurs og opplæring retta inn mot frontpersonalet som møter gjestene gjennom sitt daglege arbeid.

Til hjelp i dette arbeidet er det utvikla ei samla framstilling av det området har å by på i «Verktøykasse for vertskap». Erfaringane og tilbakemeldingane frå brukarane tilseier at dette er eit eigna verkemiddel i arbeidet med eit verdiskapande vertskap.

«Verktøykassa» vil difor bli oppdatert og finnast i to versjonar. Ein fullstendig versjon med stoff som treng kontinuerleg oppdatering vil bli tilpassa web og lagt ut på [www.naroyfjorden.no](http://www.naroyfjorden.no). Ei forenkla papirutgåve med meir tidlaus informasjon vil bli tilpassa til å fungere i direkte møte med gjestene. Til sist vil det bli tilbudt verkskapskurs til bedriftene i teknikkar for godt vertskap og med «Verktøykassa» som lokalt kunnskapstilfang. «Bygdevertkurset» som eit djuptgripande kurs for særleg motiverte innbyggjarar vil framleis ha ein mobiliserande og medvitskapande funksjon men vil truleg ikkje bli årvisse arrangement.

### STADFORMIDLING

Det er dei naturgjevne, geologiske kvalitetane som er grunnlaget for at Nærøyfjorden og Vestnorsk Fjordlandskap har oppnådd verdsarvstatus. Samstundes er kulturpreget knytta til busetnad og landbruksdrift viktige kvalitetar i dette landskapet.

Verdsarvparken sin visjon om at verdiskaping skjer i møtet tilseier at innbyggjarane som ansvarlege forvaltarar sit med den viktigaste nøkkelen til verdiskaping. Dette er litt av bakgrunnen for Verdsarvparken sitt fokus på kvaliteten i formidlinga.

Ein har i arbeidet med formidling henta inspirasjon frå ein metodikk utvikla i dei amerikanske nasjonalparkane kalla «interpretation». Den norske nemninga er «stadformidling». Enkelt forklart legg stadformidling mindre vekt på opprømsing av årstal og fakta. Ein søkjer i staden å tenke tematisk og å fortelje historier på ein måte som gjer at mottakarane kjenner at dette vedkjem dei personleg.

Verdsarvparken har utvikla ein strategi for stadformidling; «Ein levande verdsarv!». For meir kunnskap om kva stadformidling er og korleis det kan nyttast av Nærøyfjorden Verdsarvpark viser vi til dette dokumentet.

Nærøyfjorden Verdsarvpark si satsing på stadkjensle femner om å vidareutvikle formidlingsarbeidet med grunnlag i strategi for stadformidling slik:

- Integrere stadformidling i eksisterande formidlingsarbeid
- Nærøyfjorden Verdsarvpark er oppteken av at den tunge vekta som UNESCO legg på formidling av verdsarven gir seg utslag i innsats så tett på kvalitetane som mogeleg. Dette kan gjere informasjonen lettare tilgjengeleg og meir interessant for besøkande.

Eit anna viktig omsyn er at Verdsarvparken skal vera synleg ute i grendene. Fleire lokale

# INFRASTRUKTUR OG FELLESGODE

Infrastruktur er undervurdert som føresetnad for den type utviklingsarbeid som Nærøyfjorden Verdsarvpark driv.

I natur og kulturbasert næringsutvikling der småskala bedrifter ofte spelar ein viktig rolle er det sjeldan ein finn aktørar med finansiell evne til å investere i langsiktige tilretteleggingstiltak. Slike tilretteleggingstiltak bør så langt mogeleg vera nyttige både for besøksnæringa og for innbyggjarane i lokalsamfunna. Det finst få finansieringsordningar for slike tiltak. Samarbeid mellom kommunane, destinasjonsselskpa og turlaga vil difor vere naudsynt.

- Nærøyfjorden Verdsarvpark vil vera pådrivar for etablering av ei finansieringsløyising for naudsynt tilrettelegging av infrastruktur.



Verdsarvhus for formidling, samhandling og verdiskaping, alle med ulike profilar og bodskap, medfører ei desentralisert tilnærming der den lokale tilknytninga løyser ut ressursar og engasjement i lokalsamfunna.

Ei satsing på slike «Verdsarvhus» tett kopla til det lokale engasjementet for nyskaping kan og vera eit godt utgangspunkt for etablering av eit framtidig UNESCO kompetansesenter.

## FJORDPORTALEN

Fjordportalen heng nøye saman med heilskapen i dei strategiske satsingsområda til Nærøyfjorden Verdsarvpark. I særleg grad gjeld dette satsinga på stadformidling og desentralisert formidling gjennom verdsarvhus i grendene. Fjordportalen fortener likevel å framhevast som eit eige tiltak.

Eit forprosjekt er nyleg gjennomført. Forprosjektet viser at det vil vera trong for eit nervesenter i arbeidet med formidling av verdsarven for Nærøyfjordområdet. Vidare viser forprosjektet at det vil vera mogeleg å hente ut ein synergi mellom drifta av eit UNESCO/Verdsarvsenter og eit «Campus»/grønt kompetansemiljø. Desse og andre funksjonar som måtte inngå i det endelege prosjektet vert føresett skilde med omsyn til investering og drift. Det som vil motivere ei eventuell samla løysing vil vera potensialet for synergjar, jf. klyngetenkninga gjort greie for ovanfor.

Nærøyfjorden Verdsarvpark vil

- Ta initiativ til vidareføring av prosjekt Fjordportalen for det som er relevant opp mot den venta sentrale statlege satsinga på UNESCO/Verdsarvsenter.

## NÆRØYFJORDEN VERDSARVPARK SITT MERKE

Eit sentralt verkemiddel for alle regionalparkar er bruk av parkmerket for å synleggjere og promotere produkt med direkte opphav i parkområdet og som dermed direkte understøttar kjerneverdiane i parken. Nærøyfjorden Verdsarvpark vil bidra til produktutvikling og profilering av slike verdsarvparkrelaterte produkt og synleggjere dei ved hjelp av utstillingar, brosjyrar og på nettsida til Verdsarvparken.

## INFOPUNKT OM NÆRØYFJORDEN VERDSARVPARK

Som følgje av at store delar av masseturismen er prega av gjennomfart, vert det i liten grad høve til å formidle dei lokale, eineståande produkta til gjestane. For Verdsarvparken medfører dette eit langsiktig arbeid for å skape medvit om kvalitet og for å ta i bruk mangfaldet ved å setje saman salgbare produkt og for å gjere desse tilgjengelege for individuelle gjester, bedrifter og turoperatørar.

Verdsarvparken vil i samarbeid med Sognefjorden Næringshage og destinasjonsselskapa Visit Sognefjord og Destinasjon Voss utvikle og drive infopunkt på utvalde stader i verdsarvkommunane. Her vil vi gje basisinformasjon om verdsarven med utgangspunkt i verktøykasse for vertskap og lyfte fram produkta frå Verdsarvparken.

## HOVUDARBEIDSOMRÅDE 2

# TA VARE PÅ - NATURARV OG MILJØ

### BEREKRAFTIG LANDBRUK

Eit økonomisk berekraftig landbruk med omtanke for landskaps- og naturkvalitetane er ein føresetnad for å ta vare på Verdsarvverdiane på lengre sikt. Betalt skjøtselsarbeid kan ikkje erstatte eit aktivt landbruk som produserer lokale produkt, og som på den måten er berar av verdsarvkvatitetane.

Nærøyfjorden Verdsarvpark si rolle her er å promotere statusen til det aktive, miljøvennlege landbruket, og å legge til rette for at produkta oppnår ein meirverdi grunna sitt opphav og tilknytning til Verdsarven. Eit berande tiltak her er Verdsarvrådet sitt samarbeid med miljø- og landbruksstyresmaktene om eit eige målretta areal og beitetilskot som følgje av Tiltaksplan for kulturlandskapet i verdsarvområda Vestnorsk fjordlandskap og Vegaøyan Verdensarv.

### PROSJEKT BESØKSFORVALTING

Nærøyfjorden verdsarvpark, i samarbeid med Aurland naturverkstad AS, har fått i

oppdrag frå Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap, å gjennomføre eit forsknings- og utviklingsprosjekt kring besøksforvaltning i verdsarvområdet. Prosjektet har i 2013 teke form som eit forprosjekt med støtte frå Regionalt Forskningsfond Vestlandet, og leiar fram mot ei prosjektskildding og finansieringssøknadar for eit hovudprosjekt som ev. vil gå føre seg frå sommaren 2014. Målet med FoU-prosjektet er å utvikle ein modell for besøksforvaltning som er tilpassa norske tilhøve, og samstundes arbeide fram ein plan for besøksforvaltning for verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap.

### PROSJEKT LEVANDE FJORD

Eit anna samarbeidsområde for Nærøyfjorden Verdsavpark og Verdsarvrådet er å minimere ureining og slitasje på miljø og landskap. Nærøyfjorden Verdsarvpark sin innfallsvinkel her er å fremme statusen for og setje vilkår for bruk av Verdsarvparken si merkevare spesielt og Verdsarvstatusen generelt.

Nærøyfjorden Verdsarvpark skal utvikle satsinga Levande Fjord der ein m.a. vil:

- Bidra med kunnskap om, og vera pådrivar for tiltak som eliminerer utslepp til luft og vatn frå cruiseskip, fjordcruise-fartøy, buss, bil, småbåt, kajakktrafikk og landbruk.
- Følgje med på utvaskings- og erosjonsproblematikken knytta til omfanget av båttrafikk som vaskar ut strendene. Vera pådrivar for at det vert stilt naudsynte vilkår knytta til fart og bruk av båtar som lagar lite bølger.
- Følgje med på trafikkutviklinga på fjorden og trongen for spelereglar for sameksistensen mellom harde og mjuke trafikantar.
- Etablere ei «Etterlat ingen spor» - satsing i form av informasjonsmateriell og kurstilbod retta mot utøvarar av friluftsliv i utmark.

Dette arbeidet vil toppe seg kvart år i ein førebudd dialogkonferanse. Dialogkonferanse er ein metode for å skape ein likeverdige dialog mellom ulike partar som skal samhandle om nositasjonen, utfordringar og framtidige løysingar.

### TILRETTELEGGING FOR FRILUFTSLIV

Parken har jobba ein del med tilrettelegging for friluftsliv til gode for gjesten og innbyggjarane i området. Utbetring av stiar og vegar i landskapet gjennom rydding, sikring, merking, restaurering og informasjonstiltak er viktige fellesgode. Det same gjeld universelt utforma leirplassar. Slike tiltak er til glede for dei som veks opp her, og som skal få oppleve glede ved og byggje tilhørigheit til området. Tilrettelegging er òg til glede for gjestene, som vi vil skal ha framifrå, flotte reiseopplevingar, og for verksemdar og bygdelag som kan profilere seg og skape aktiviteter med utgangspunkt i desse stiane og vegane. Friluftslivets år 2015 har "kulturminne og folkehelse som tema".

## HOVUDARBEIDSOMRÅDE 3

# TA VARE PÅ - KULTURARVEN

Nærøyfjorden Verdsarvpark har lagt ned mykje ressursar i samarbeid og samfinansiering av restaurering av bygningar og anlegg. Sentrale samarbeidspartar og/eller finansieringskjelder har vore grunneigarar, grendelag, private stiftingar, kommune, fylkeskommune, Fylkesmannen, Riksantikvaren og Norsk Kulturminnefond.

Det er ein regel at restaurering av kulturminna i verdsarvområdet skal gjennomførast etter antikvariske prinsipp med opning for varsame tilpassingar som er funksjonelle for den bruk kulturminnet er tiltenkt i etterkant av restaureringa. Konkrete planar for vidare bruk av kulturminna som vert restaurert er óg eit viktig prinsipp for at verdsarvparken skal støtte opp under prosjekt.

### RESTAURERINGSPLAN FOR NÆRØYFJORDEN VERDSARVPARK

Verdsarvparken ferdigstiller i 2014 ein restaureringsplan for Nærøyfjorden

Verdsarvpark. Arbeidet med planen gjekk føre seg i samarbeid med Riksantikvaren, Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune og vart utført av arkitekt Jarle Sandvik.

Planen gir eit oversyn over kva som finst av verneverdige bygningar og bygningsmiljø innafor verdsarvområdet, og skal skape medvit og engasjement for desse verneverdiane i området vårt. Planen skal vere ein reiskap for både grunneigarar og styresmaktene i samband med både forvaltning og konkret istandsetjing, og skal bidra til at fleire istandsetjingsprosjekt vert gjennomført.

### KUNNSKAP OG FORMIDLING INNAN RESTAURERING

Verdsarvparken vil arbeide for å få til eit samarbeid med andre aktuelle aktørar i regionen om etablering av eit kompetansmiljø innan restaurering. Verdsarvparken arrangerar og støttar opp om kurs i tradisjonshandverk og

elles arrangement der kulturarven er i fokus. SAMARBEID MED BARNEHAGANE OG SKULANE I REGIONEN

Samarbeid med barnehagane og skulane er ei sentral oppgåve for Verdsarvparken i vårt arbeid med å utvikle eigarskapskjensle og identitetsmessig tilknytning til natur- og kulturkvalitetane i området. Eit viktig tema som må formidlast er geologien og grunnaget for UNESCO-statusen til området.

Det er til no sett i gang konkrete samarbeid og prøveprosjekt med

- Aurland barne og ungdomsskule der det er utvikla ein partnerskapsavtale del 2. Denne avtalen konkretiserar samarbeidet og gjer det forpliktande for partane. Etter gjennomgang og fornying av denne samarbeidsavtalen vil aktivitetane inngå i skulen sin årsplan frå år til år.

og

- Lærdal kommune v/ barnehagane og Lærdalsøyri skule som har teikna

partnerskapsavtale med parken. I samarbeid med ABU og Lærdalsøyri skule er det skissert ut eit pedagogisk opplegg om verdsarv, vertskap, entreprenørskap, lokalt/regionalt næringsliv og næringsutvikling for ungdomstrinnet på desse to skulane.

Det er og arbeidd med

- Workshop for barnehagetilsette om verdsarven.

og

- Sommarskule med fokus på naturfag/geologi i regi av Forskerfabrikken. Elevar frå 4.-6. er målgruppa.

Det er eit mål å kome i aktivt inngrep med alle barne og ungdomsskulane i Verdsarvparken og tilgrensande kommunar. Her vil ein byggje vidare på dei erfaringane vi har hausta gjennom det pågåande arbeidet.

## 6. ORGANISERING OG FINANSIERING

### STIFTING

Nærøfjorden Verdsarvpark er organisert som ei alminneleg stifting. Stiftinga er etablert av Aurland kommune, Vik kommune, Voss kommune, Lærdal kommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune. Stiftinga har ein grunnkapital på kr.300.000. Hordaland fylkeskommune har uttrykt ynskje om å bli med i samarbeidet som medstiftar.

### FØREMÅL

Stiftinga skal ha som føremål å koordinere og samordne den samla innsatsen i høve verdsarvstatusen for Nærøfjordområdet slik dette er omtalt innleiingsvis i denne planen.

### STYRANDE DOKUMENT

Parkplanen og vedtektene er dei styrande dokumenta for verksemda til Nærøfjorden Verdsarvpark. Ein ser for seg ein prosess fram mot at Parkplanen er forankra formelt i det offentlege planverket.

### LANGSIKTIGHEIT

I tråd med erfaringane frå europeiske regionalparkar vil ein freista å oppnå langsiktigheit i planverk og rammevilkår, inntil 10 år.

### STYRET

Styret er samansett av 9 medleamar med personlege varamedleamar. Av desse er 4 styremedleamar valde på parkmøtet med utspring frå grender, organisasjonar og nettverk som er aktive partnerar i parken. 5 styremedleamar vert valt ved at stiftarane peikar ut ein styremedlem kvar. Styret kan velge og har valt eit arbeidsutval som følgjer opp den daglege drifta.

### ADMINISTRASJON

Administrasjonen er i dag sett saman av dagleg leiar og to parkforvaltarar. Dagleg leiarfunksjonen i Nærøfjorden Verdsarvpark er samordna med sekretariatsfunksjonen for Vestnorsk Fjordlandskap - Nærøfjordområdet. Parkforvaltarane har kvar sine ansvarsområde; "kulturminne og formidling" og "mat og oppleving".

Dagleg leiar har kontor plass i rådhuset på Aurlandsvangen medan parkforvaltarane har kontor plass på Fjordsenteret.

I tillegg vert det nytta tidsavgrensa engasjement og oppdrag etter avtale for løysing av oppgåver knytta til prosjekt med eigen finansiering.

### FINANSIERING

Til no har verksemda vore tilnærma 100 % prosjektfinansiert. Dette var ikkje føresetnaden ved etablering og er ikkje berekraftig økonomisk på lang sikt. Stiftinga Nærøfjorden Verdsarvpark har oppnådd legitimitet og vist seg å ha evne til å fylle føremålet som eit operativt verktøy for stiftarane og verdsarvforvaltninga. Framtidig finansiering bør difor løysast som ei årleg grunnfinansiering ytt av stiftarane og verdsarvforvaltninga. I tillegg til grunnfinansieringa bør ein som fram til no aktivt bygge opp spleiselag saman med partnerar og relevante prosjekt- og støtteordningar.

Med framleis felles dagleg leiing for Nærøfjorden Verdsarvpark og sekretariat for Verdsarvrådet – Nærøfjorden, to fast tilsette parkforvaltarar og innsatsmidlar til handlingsplan tilsvarande ein million, vil det vera trong for ei samla årleg løyving på omlag kr. 2 millionar frå stiftarane.

Ut frå erfaringane så langt vil ei slik «fast» årleg grunnløyving løyse ut ytterlegare finansiering frå partnerar og andre utviklingsprogram.

Med bakgrunn i parkplanen bør stiftarane konkretisere sine ambisjonar for det viktige arbeidet Nærøfjorden Verdsarvpark gjer ved å fastsetje størrelsen på grunnløyvinga og ein omforeina fordelingsnøkkel.

Grunnløyvinga frå dei einskilte stiftarane utkrystalliserar seg årleg gjennom budsjettprosessen og formaliserast gjennom den årleg reviderte handlingsdelen i partnerskapsavtalen.